

Geoplan As  
Sandvenvegen 17  
5600 Norheimsund



Vår ref.: DokumentID 23/22597

Dykkar ref.:

Dato: 06.09.2023

## NOTAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Dette notat skal fyllast ut av Kvam herad v/sakshandsamar.

Det er eit referat frå oppstartsmøtet og med evt supplerande opplysningar frå Kvam herad.

### SAKSOPPLYSNINGAR

Møtedato:	23.08.23
Reguleringsplan - plannamn:	Steinuttak Eide
PlanID:	
Arkivsak i Kvam herad:	23/1915
Gnr/bnr:	83/2

### MØTEDELTAKARAR

Forslagsstillar:	Elisabeth Eide Haugstad saman med Jakob og Jan Roy
Telefon:	
E-post:	eide.haugstad@outlook.com
Forslagsstillar:	
Telefon:	
E-post:	
Fagkyndig plankonsulent:	Solveig Valland, Geoplan AS
Telefon:	
E-post:	
Kvam herad – sakshandsamar:	Leiv Ingmar Kaale, Plan- og byggesak
Telefon:	91152640
E-post:	Leiv.kaale@kvam.kommune.no
Kvam herad – sakshandsamar:	Trond Inge Brakestad, Plan- og byggesak
Telefon:	
E-post:	
Kvam herad –	Jan Tjosås, leiar for næringavd.
Telefon:	

E-post:

### PLANSITUASJON

Område som vert vurdert som aktuelt for å ta ut steinmassar er sett av til landbruk, natur og friluftsmål i arealdelen til kommuneplanen.

Gardstunet og kringliggjande slåttemark på bnr. 2 er vist med omsynssone landbruk. Arealet der steinuttaket vert vurdert er vist med omsynssone natur:



Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel med flyfoto i bakgrunnen. Grensa mellom omsynssona for landbruk og omsynssona for natur er vist med svart strek og går vest for området som er peika på som aktuelt for steinuttak (raud avgrensing)



Karta over viser at området for mogeleg steinuttak er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, vedtatt i 2019. Næraste vedtatte reguleringsplan er den som dekker fylkesvegen, frå 2004. Den viser omlegging av krysset mellom fylkesvegen og lokalvegen ned til Eide.

#### **FRAMLAGD PLANINITIATIV**

Planområdet er på om lag 85 daa og strekkjer seg frå kote +59 og opp til kote +109

Tiltakshavar har i ei tid tatt ut steinmassar i samband med utbygging på garden. Det er då nytta eit mobilt steinknuseverk. Det er tatt prøvar av steinen som viser at kvaliteten er god med omsyn på bruk til veg, byggjegrunn etc.

Målet no er å formalisera vidare utnytting av steinressursane slik at uttaket kan vera årvisst og forutsigbart og på den måten styrka driftsgrunnlaget på garden. Etterkvart som areal vert planert skal det tilførast matjord slik at det vert etablert meir slåttemark. Eigarane av garden produserer i dag mjølk og egg. Garden er i tillegg godkjent som «Inn på tunet» verksemd.

#### **KVAM HERAD SI VURDERING AV PLANINITIATIVET SPØRSMÅL OG UTGREIINGSTEMA SOM MÅ AVKLARAST FOR PLANARBEIDET**

Gjeldande KPA har i liten grad hatt merksemd på å setja av nye område til råstoffutvinning. Areal til nydyrking var heller ikkje eit tungt tema ved sist rullering. Dette gjer sitt til at foreslått arealbruk i liten grad er vurdert på overordna nivå. Ein slik arealbruk må difor vurderast no som det er kjent at området inneheld denne ressursen.

Ein reguleringsprosess kan gje svar på om det er tilrådeleg å ta ut steinressursane og evt. på kva vilkår arbeidet med gjerast.

For å kunna ta stilling til ny bruk av areala vil det m.a. fylgjande tema vera viktige:

- Landskapsverknad
- Naturmangfald
- Evt. kulturminne
- Avrenning
- Støy og støv
- Kapasitet og tåleevne på vegsystemet

#### **FØRESETNADER FOR OPPSTART**

I saker som gjeld ein annan arealbruk enn det som overordna plan opnar opp for vert det laga til ei eiga politisk sak der Kvam miljø ,plan- og bygningsutval tar stilling til saka.

Evt. føresetnader for planarbeidet vil verta vurdert i den samanheng.

### **PLANPROSESS**

Planprosessen med krav til varslingsplan om oppstart planarbeid, medverknad, m.m. skal gjennomførast i samsvar med plan- og bygningslova kap 3, 4, 5 og 12.

Området inneheld potensielt store steinmassar for uttak og med lang driftstid. Endringane i landskapet er store og arealbruken under anleggsdrifta avviker sterkt frå det som kommuneplanen viser der omsyn til natur skal vega tyngst. Me er difor av den meining at evt. vidare planprosess må innehalda eit planprogram og konsekvensutgreiing som fastset kva tema som skal greiast ut, korleis god medverknad skal sikast, kva fylgjer arealbruken vil få og korleis evt. avbøtande tiltak skal sikrast gjennomført.

### **PLANLEVERANSEN – KRAV TIL PLANFORSLAGET**

x Plankart (jf. gjeldande Nasjonal prod.spes. for arealplan og dig. planreg.) - på pdf og sosi-format  
x Reguleringsføresegner (jf. gjeldande Nasjonale mal frå regjeringa) - på pdf- og word-format

x Planomtale (jf. pbl. § 4-2) – inkl. tilhøyrande analysar og illustrasjonar – på pdf-format

x Konsekvensutgreiing (jf. pbl § 4-2 og KU-forskrifta)

x Risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. gjeldande rettleiar frå DSB og mal frå Kvam herad)

Synleggjering forprosjektert vegløyving

x VA-rammeplan

x Utomhusplan /plan for uttak

x Kopi av kunngjeringsannonse, varslingsbrev og varselliste

x Kopi av innkomne merknadar og notat som oppsummerer og kommenterer innspela

Rammesøknad (ved samtidig handsaming av plan- og byggesak jf. pbl § 12-15)

Forslagsstillar må sjølv forbetra kartgrunlaget i planområdet

Ein tek atterhald om at det vidare i planprosessen via ny kunnskap kan syna seg nødvendig å krevja innhenting av meir karlegging, analysar, o.l.

### **PLANGEBYR**

Forslagsstillar er informert om kommunen sitt gebyrregulativ for behandling av private detaljreguleringsplanar. Ved oppstartsmøte vurderer ein gebyr ut frå at saka er:

Mindre reguleringsendring, jf. pbl § 12-14

- Reguleringsplan / reguleringsendring – saksgang jf pbl kap 12
- Komplisert sak (i strid med overordna plan, høg kompleksitet og/eller konfliktnivå)
- Kompleksitet skal vurderast undervegs

### **SLUTTDOKUMENTASJON ETTER PLANVEDTAK**

Etter godkjenning av plansak, skal følgjande dokumentasjon leverast kommunen for arkivering:

- Plankart (jf. gjeldande Nasjonal prod.spes. for arealplan og dig. planreg.) - på pdf og sosi-format
- Reguleringsføresegner (jf. gjeldande Nasjonale mal frå regjeringa) - på pdf- og word-format
- Planomtale (jf. pbl. § 4-2) - på pdf-format

Viktig at det er siste versjon med rett dato som vert levert, og at eventuelle vassmerker eller påskrifter av «foreløpig, forslag m.m.» vert fjerna før innsending. Tittelfelt i plankartet og planføresegner skal oppdaterast med datoar frå planprosessen.

### **GODKJENNING AV OPPSTARTSNOTAT**

Informasjon om aktuelle problemstillingar og behov for utgreiing i planarbeidet er omtalt så langt dette har vore mogeleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar frå innsendt bestilling av møte og under oppstartsmøtet.

Oppstartsmøtet og/eller dette notatet frå møtet gjer ingen rettar i den seinare sakshandsaminga, men det er viktig at informasjonen i oppstartsnotatet vert nytta som ei sjekkliste før innsending av planforslag og ved levering av sluttdokumentasjon etter planvedtak.

Helsing

**Leiv Ingmar Kaale**

Rådgjevar

Telefon: 911 52 640

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

